

Kyrjeklokka

Nr 1 - 2023

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

87. årgang



Påskentatt i Nedstryn kyrkje

Heidra ein trufast tenar

*Utdeling av bilde
til 3 årningane*



*Festgudsteneste
Oldekyrkja*

*Altartavla i
Hornindal kyrkje*

*Tårnagentane
Oppstryn*

Den nye biskopen gler seg til påskejubel

*Kven skal styre
kyrkja her eg bur?*


*Opning av HC-toalett
Nordsida kyrkje*



*Nizar si eventyrlege
vassreise*



Dine hender er fulle av blomar



Dine hender er fulle av blomar.
 Kven var det du tenkte å gje dei til?
 Mine blomar var plukka til Jesus.
 Grava fann eg tom. Han var ikkje der.
 Halleluja, halleluja,
 halleluja, halleluja.

Dine lepper er fulle av songar.
 Kvifor denne gleda, kvar kom ho frå?
 Frå den grava der lekamen kvilte –
 han stod opp, og verda vart fylt med song.
 Halleluja, halleluja,
 halleluja, halleluj

Dine augo er fulle av glede.
 Sei kva har dei sett for å få slik glans?
 Dei har sett Herren Jesus! Han lever!
 Han gjev livet meining og ljøs kvar dag.
 Halleluja, halleluja,
 halleluja, halleluja.

Nei, det trengst ingen blomar til grava!
 Jesus, du stod opp og du bur blant oss!
 Våre augo er til for å sjå deg.
 Hendene er til for å tene deg.
 Halleluja, halleluja,
 halleluja, halleluja.

Tekst og melodi

Marcello Giombini var ein italiensk komponist, salmediktar og organist. Født 24. juli 1928, i Roma, Italia, og døde 12. desember 2003, i Assisi, Italia.

Han er særleg kjend som komponist for filmmusikk. Giombini skreiv i 1970 tekst og melodi til salmen som på nynorsk vart

heitande "Dine hender er fulle av blomar".

Den vart seinare omsett til bokmål i 1976 av Svein Ellingsen «Dine hender er fulle av blomster» og til nynorsk (ukjent tekstforfattar) og vart då til salmen "Dine hender er fulle av blomar" som står i Norsk Salmebok og Norsk salmebok 2013.

Påskenenatt i Nedstry kyrkje

Av Hege Høibye

Ei av dei store gudstenestene i den felleskyrkjelege tradisjonen, er gudstenesta påskenenatt. Vi har i år planlagt å feire påskenenatt for heile Stryn i Nedstry kyrkje.

Påskenenatt er den siste av tre gudstenester som er kalla *triduum* på latin. Det tydar tri dagar, og namnet viser til at gudstenestene desse dagane var eigentleg ei gudsteneste, men spreidd over tre dagar. Dei fortel ei historie til saman, frå Jesu siste måltid med læresveinane på skjærtorsdag, gjennom langfredags pine og død, til grava, og til oppstoda tredje dagen.

Påskeaftan er i kyrkja ein stille dag, dette er dagen Jesus er død. Men likevel er det ikkje ein passiv dag. Det er dagen der Gud handlar i det skjulte og Jesus vinn over døden.

Gudstenesta påskenenatt byrjar kl 23. Den har ein eigen liturgi og oppbygning, og tek i bruk fleire verkemiddel slik at vi ikkje berre skal få høyra om Jesu oppstode,

men få ei oppleving av underet som skjer. Det gjer vi ikkje berre gjennom ein av sansane – høyr-selen – men gjennom syn, lukt, berøring og smak.

Når gudstenesta byrjar, er kyrkja framleis mørk. Alle har ukveikte lys i hendene, og utafor kyrkja – eller i våpenhuset – vert påskelyset, *Kristuslyset*, kveikt, symbolet for Jesus som er *lyset i verda*. Vi ber lyset inn i kyrkja og alle får kveike lysa sine med eld frå påskelyset.

Mens berre stearinlysa skin, syng vi påskelovsungen, Exultet, og vi les fleire tekstar som følger frelseshistoria frå skapinga og gjennom Det gamle testamentet. Før vi les frå Det nye testamentet, syng vi for første gong *Gloria*, som ikkje lyder i fastetida. Då vert lysa på altaret kveikt og alt lys i kyrkja kjem på. Dette er det store vendepunktet, frå mørker til lys, frå død til liv, slik dei ortodokse kyrkjene syng: «*Kristus er oppstaden frå dei*

døde! Med døden trampa han ned døden, og dei som var i grava gav han liv.»

Etter dette er det fest i gudstenesta. Vi minnst og stadfestar dåpen og stenkast med vatn for å minnst vår eige dåp. Røykelse vert ofte brent, både som teikn på bøna som stig opp til Gud, og veldufta i Guds rike. Elementa – brød og vin – bærast fram til altaret og vi får smake det himmelske måltidet; nattverden. Etterpå gjeng vi ut på kyrkjegarden og syng om Kristi oppstode og helsar kvarandre med den gamle påskehelsinga: «*Kristus er oppstaden!*» og svarar: «*Ja, han er sanneleg oppstaden!*»

Kaare Michael Christoffersen og Hege Høibye er prestar i gudstenesta, og vi kjem til å gi nærare informasjon i dei kanalane vi kan når vi kjem lengre i planlegginga enn vi er når dette går til Kyrkjeklokka.



Kyrkjestatistikk for 2022

	Olden med Ljosheim		Utvik		Innvik		sum	
	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022
Døyppte	4	8	3	4	3	2	10	14
Konfirmerte	10	5	8	2	0	6	18	13
Vigsle	3	5	0	3	1	1	4	9
Gravferder	5	16	7	4	8	2	20	22
Gudstenester	19	28	16	16	15	18	50	62
Deltakarar v/gudstenester	926	2 085	674	803	466	969	2 066	3 857
Gudstenester m/nattverd	5	9	5	5	7	8	17	22
Nattverdsgjester	111	315	66	93	66	201	243	609
Takkoffer/kollekt	31 014	63 358	33 703	45 923	29 872	27 736	94 589	137 017
Fasteaksjonen	6 619	21 995	4 489	19 433	2 856	13 617	13 964	55 045
	Oppstryn		Nedstryn		Loen		sum	
	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022
Døyppte	10	6	10	21	12	12	32	39
Konfirmerte	2	6	36	34	6	9	44	49
Vigsle	2	3	3	8	8	8	13	19
Gravferder	1	5	18	20	5	3	24	28
Gudstenester	22	16	47	41	19	20	88	77
Deltakarar v/gudstenester	672	563	2 782	4 711	568	1 303	4 022	6 577
Gudstenester m/nattverd	8	7	20	25	9	10	37	42
Nattverdsgjester	86	108	444	574	131	153	661	835
Takkoffer/kollekt	14 395	17 459	66 314	77 206	23 763	37 985	104 472	132 650
Fasteaksjonen *		11 054		54 754		12 909		78 717
	Nordsida		Randabygd				sum	
	2021	2022	2021	2022			2021	2022
Døyppte	4	4	4	1			8	5
Konfirmerte	7	8	3	4			10	12
Vigsle	0	0	1	2			1	2
Gravferder	7	1	1	4			8	5
Gudstenester	22	21	11	10			33	31
Deltakarar v/gudstenester	1 007	1 500	401	429			1 408	1 929
Gudstenester m/nattverd	9	9	5	4			14	13
Nattverdsgjester	179	313	34	60			213	373
Takkoffer/kollekt	40 957	68 060	6 500	10 142			47 457	78 202
Fasteaksjonen *		22 586		6 110				28 696
	Hornindal				Totalsum		Endring	
	2021	2022			2021	2022	2021->2022	%
Døyppte	10	14			60	72	12	20
Konfirmerte	11	13			83	87	4	5
Vigsle	2	0			20	30	10	50
Gravferder	17	16			69	71	2	3
Gudstenester	21	22			192	192	0	0
Deltakarar v/gudstenester	893	1 393			8 389	13 756	5 367	64
Gudstenester m/nattverd	10	11			78	88	10	13
Nattverdsgjester	143	178			1 260	1 995	735	58
Takkoffer/kollekt	26 666	41 938			273 184	389 807	116 623	] 97
Fasteaksjonen *		14 219			13 964	176 677	162 713	

* Tidlegare år einde av takkoffer/kollekt

God avfallshandtering

av kyrkjeverje Kari S. Muri

Vi oppmodar om god avfalls-handtering på gravplassane.

På fire av gravplassane i kommunen - Nedstryn, Loen, Utvik og Nordsida – er det lagt til rette for kjeldesortering med egne kompostbingar. Ordninga vil etter kvart kome på alle gravplassane, og vi vil difor oppmode

alle om å følge opp med god sortering.

Planteavfall (og berre det!) skal i kompostbingen, resten er restavfall.

Mindre avfall – god kompost. Kortreist og berekraftig. *Takk for at de hjelper oss med å gjennomføre dette!*



Kyrkjeverja minner om god avfalls-handtering på kyrkjegardane, no når våren nærmar seg



Kyrkja i Indre Nordfjord

Stryn kyrkjekontor

Tlf 57 87 61 80

Rognehaugen 11, 6783 Stryn

kyrkja@stryn.kommune.no

www.stryn.kyrkja.no

må, (ty 10:00-), on, to, fre 09:00 - 15:00

Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri

Mobil 913 27 882

kari.muri@stryn.kommune.no

Sekretær Margrete Lillestøl

Sekretær Anne L. Honningsvåg

Oppstryn - Loen - Nedstryn

Mobil 916 01 630

sokneprest Henny Koppen

henny.koppen@stryn.kommune.no

Randabygd - Nordsida

Mobil 413 75 495

sokneprest Hege Høibye

hege.hoibye@stryn.kommune.no

Utvik

Mobil 986 54 244

vikarprest Beate Nes

beate.nes@stryn.kommune.no

Innvik - Olden

Mobil 404 73 335

vikarprest Kaare Michael Christoffersen

kaare.michael.christoffersen@stryn.kommune.no

Trusopløring

Kateket Beate Nes

986 54 244

beate.nes@stryn.kommune.no

Volda kyrkjekontor

Tlf 70 07 40 90

Rådhusgata 6a, 6100 Volda

kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no

www.volda.kyrkja.no

kyrkjeverje Jostein Stråbø

mobil 916 63 549

kyrkjeverja@volda.kyrkja.no

Må, ty, (on 10:30-), to, fre kl. 10:00 – 14:00

Hornindal

mobil 957 69 292

sokneprest Per Kristian Hovden Sætre

per.kristian.hovden.satre@volda.kyrkja.no

Kyrkjelokka

Les Kyrkjelokka på nettet: www.kyrkjelokka.no

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune

Redaktør for dette nummeret er: Knut Sigurd Gald

Forretningsfører - abonnement/adresseendring:

John Selmer Skiftesvik, Rindane 6, 6788 Olden.

Tlf 990 28 076 - john.skiftesvik@enivest.net

Bankgiro 0538 18 51054 - Bankgiro 3795 30 05108

Kontingenten er frivillig - Vi takkar for betaling og støtte



Av Henny Koppen

Tankar langs vegen...



Saman er vi sterke


Når eg reiser heim etter ei gudsteneste har eg ei lita stund for meg sjølv til å reflektere. Eg har hatt gudstenester i alle kyrkjelydane i Indre Nordfjord, og eg likar det. Det er fint å treffe dei ulike kyrkjetenarane, medliturgane, konfirmantane som hjelper til, organistane og sjølv-sagt kyrkjelyden. Mykje er likt frå stad til stad, men det slår meg at sjølv på denne vesle flekken på jorda, som indre Nordfjord er, så er mykje forskjellig. Liturgien, ramma rundt gudstenesta er lik frå stad til stad, men elles er mykje forskjellig.

Kjem du til Randabygda møter du eit lyst og vakkert kyrkjerom, og i dette rommet er det leikekrok for ungane heilt framme ved kordøra. Genialt. I Nord-sida får du gode stola å sitje i, og du får sitje ved bord under kyrkjekaffien. I Utvik går du gjennom ein vakker hage før du blir møtt og sett av hyggelege kyrkjelydsmedlemmer. I Innvik er du på historisk grunn, på staden der hovudkyrkja i Indre Nordfjord låg alt frå 1500-talet. I Olden er kyrkja pynta til fest kvar gong, legg merke til kor forseggjort det er. I Loen kyrkje møter du høgst sannsynleg ein solist som syng eller spelar undervegs i gudstenesta. I Nedstryn kan vi love god og kraftfull song, der mannsstemmene dominerer. I Oppstryn kjem du igjen inn i ei lys og vakker kyrkje der du nesten heilt sikkert får heimebakst til kyrkje-

kaffien. Ynskjer du å delta i den liturgiske musikken frå 1977 reiser du til Hornindal, der får du dessutan møte ein prest frå Volda.

Kva med å setje seg som mål å besøke alle desse kyrkjene i løpet av 2023. Reiser vi litt rundt får vi ulike opplevingar og vi får kjenne på at vi er ein del av eit stort fellesskap. Ideelt sett burde vi få med oss ei gudsteneste kvar søndag, og det er fullt mulig, i

og med at det stort sett blir arrangert tre gudstenester i området kvar helg. Ein god bi-effekt av dette er at vi blir fleire samla på gudstenestene, vi får kjenne på at vi er mange som er aktive i kyrkjelydane våre. Der gjer godt for oss av og til å vere med i eit større fellesskap, også i kyrkja. Er dette ein «smart» ide for å få fleire menneske til gudstenestene våre? Sjølv sagt, men det kan vere kjekt å prøve likevel.



Randabygd kyrkje 2016

Sikring og vedlikehald av gravminne

av kyrkjeverje Kari S. Muri



Det skal vere trygt å ferdast på gravplassane, og ein arbeider for at det estetiske uttrykket skal vere prega av harmoni. Det hender stadig at gravminne kjem ut av stilling, særleg i vårløysinga er dette ei utfordring. Dette ser lite pent ut, men er først og fremst ein tryggleiksrisiko. Eit gravminne kan vege fleire hundre kilo, og det kan medføre stor skade. Eit gravminne som ikkje er godt nok sikra, kan i verste fall vere livsfarleg om det veltar. Vi kjenner tragiske tilfelle der små born har omkome etter å ha fått usikra gravminne over seg.

Vi nyttar her høve til å minne om at eit gravminne er festar sitt ansvar.

Når gravplassarbeidarane oppdagar eit gravminne som må retast opp og/eller sikrast betre, prøver vi å få kontakt med festar for å informere om dette. Då er det festar som har ansvaret for at dei nødvendige tiltak vert utført. Dei kan utføre jobben sjølv, kontakte eit godkjent firma som kan gjere jobben, eller dei kan få utført tenesta av dei gravplasstilsette, ved å kontakte kyrkjekontoret. Om gravplassarbeidarane har ledig kapasitet, kan dei utføre jobben, som då blir fakturert etter faste satsar.

Om gravplassarbeiderane vurderer at eit gravminne er så ustabil at det er fare for liv og helse, må dei legge gravminnet ned,

og det blir liggande på marka til nødvendig utbetring er gjennomført.

Det er to tilhøve å vere særleg merksam på. Sjølve gravminnet må vere festa til sokkelen med (lange nok) boltar. Minst like viktig er det at sokkelen er godt nok fundamentert i bakken. Den må både gå djupt nok, og vere godt nok stabilisert. For dei som vil og kan utføre jobben sjølv, men er usikre på kva som skal til, er det berre å ta kontakt med ein av dei som jobbar på gravplassane, dei gjev gjerne praktiske råd og rettleiing. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du har spørsmål, eller ynskjer rettleiing.



Innsending av bilder til Kyrjeklokka

Vi mottek mange bilder til kvart nummer av Kyrjeklokka. Dei fleste er av tilfredsstillande kvalitet, og kan behandlast og redigerast inn i bladet. Redaktørane er opptekne av at bilda vert presentert på ein god måte.

Eit bilde inneheld pixlar og desse kan det ikkje vere for få av, elles vert bildet av dårleg kvalitet

og gjerne kornette.

Tek ein bilde med mobiltlf, gjev dei fleste mobiltelefonane i dag eit godt resultat, men når ein sender bilda "trådløst" som sms eller til e-post, komprimerar mobiltelefonen bilda, og resultatet er at det vert for få pixlar. Bilda kan sjå ok ut for både sender og mottakar på skjermen,

men når vi tek dei inn i eit bildebehandlingprogram, vert ikkje bilde vist då det har for få pixlar.

Derfor; overfør bileta frå mobiltelefonen til datamaskina ved bruk av kabel. Legg så bileta som eit vedlegg i e-post til oss. Det skal være som JPG-fil.

Bilete bør minimum være 1 MB (1 000 KB) Redaktøren

Heidra ein trufast tenar

Tekst og foto: Anna Kirsten Hellevang



Bjarte Hopland mottok blomar og pengegåve frå Stryn Kyrkjelege Fellesråd etter 54 år som kyrkjetenar

På kyrkjelydsbasaren på Rand grendahus den 4. desember 2022 heidra kyrkjelyden i Randabygd kyrkje Bjarte Hopland (80) for 54 år lang og trufast teneste som kyrkjetenar.

Kvar jul sidan 1968 (utanom fire) har Bjarte Hopland ringt inn til jul i Randabygda. Han tok over jobben etter far sin

Karl. Den gode klangen frå kyrkjeklokka kan høyrast i heile bygda og eg har sjølv som barn stått på trappa på Ålandstunet og lytta til lyden av kyrkjeklokka klokka fem om kvelden og høyrte slaga i det fjerne. Då er det endeleg jul.

Bjarte Hopland har hatt si teneste i Randabygd kyrkje i

snart to generasjonar. Han har stått i klokketårnet og ringt til gudsteneste til glade hendingar som dåp, konfirmasjon og bryllaup. Ikkje minst har han vore til stades i sorg og sett ei fin ramme rundt gravferda.

Sokneprest Hege Høibye takka Bjarte Hopland for 54 år lang og tru teneste som kyrkjetenar. Ho sa at denne jobben på mange måtar er ein utakknemleg jobb, fordi den syns berre når den ikkje er gjort.

– Det er også ein svært viktig jobb – som prest er eg heilt avhengig av kyrkjetenaren. Bjarte har gjort ein utmerka jobb, fortel Hege Høibye, som er den sjette soknepresten som Bjarte har samarbeidd med.

Har gjort ein kjempejobb

Leiar i Randabygd sokneråd, Edvin Rand, takka på vegner av alle i bygda Bjarte Hopland for ein kjempejobb som kyrkjetenar i 54 år.

– Vi har vore heldige som har hatt deg til denne jobben. Gjennom alle år ha du trufast utført arbeidet ditt og spesielt gitt oss fint



Sokneprest Hege Høibye takka Bjarte Hopland for ein utmerka jobb som kyrkjetenar



Bjarte Hopland mottok frå Randabygd sokneråd eit måleri måla av Magne Kristiansen



På kyrkjelydsbasaren fekk alle smake på marsipankaka til avtroppande kyrkjetenar Bjarte Hopland

«klokkespel» i påska, pinsa og på julaftan, sa Edvin Rand.

Han ville samstundes gratulere jubilanten med vel overstått 80-årsdag. Han overrekte eit flott måleri av Randabygd kyrkje som er måla av Magne Kristiansen. Etterpå fekk Bjarte sprette marsipankaka i gåve frå Randabygd

sokneråd.

Som konfirmant lærte vi ei lita takkebøn når ein høyrer dei siste tre gonger tre klokkeslaga på slutten av gudstenesta. Etter kvart klokkeslag seier ein:

Takk, kjære Gud.

Takk, kjære Jesus.

Takk, Heilag Ande, Amen.



- Du må lese «teksten», seier fotografen og ser på kaka.
- Den kan eg, kjem det lattermildt frå Bjarte Hopland



Til høgre Edvin Rand, leiar i Randabygd Sokneråd, spanderte kake på avtroppande kyrkjetenar Bjarte Hopland som 80 år gamal velfortent kunne gå inn i pensjonisttilværet



Då står det att å seie
frå heile bygda:
Takk, kjære Bjarte

No har det blitt automatisk ringing i kyrkja og den gode klangen er framleis den same. Inntekta på kyrkjelydsbasaren skal gå til betaling av automatisk ringing i kyrkja.

Altartavla i Hornindal kyrkje

av Anne Ragnhild Lødemel Honningsvåg



Hornindal kyrkje si altartavle "Krossen i Bløming"

Då kyrkja i Hornindal stod ferdig i 1856, vart det sett opp eit gylt trekors på altaret i påvente av altartavle. Ca. 75 år seinare var det ennå ikkje kome altartavle, so presten og prestefrua, Jon og Alhed Johnson tok tak i saka. Prestefrua skipa «Jentelag til kyrkja sin prydnad», som gjorde ein stor innsats for å skaffe midlar til altartavla og anna prydnad i kyrkja, og presten tok kontakt med kunstnaren Dagfinn Werenskiold, som nyleg hadde laga eit trerelieff som presten ville kopiere.

Det fekk han, og våren 1932 var Johnson ferdig med arbeidet sitt. Werenskiold kom til Hornindal for å ta seg av målin-

ga av relieffen, men kunstnaren vart så imponert av det han fekk sjå at han tilbød Hornindal originalen mot at han fekk kopien.

Altartavla vart vigsla søndag 10. april 1932, og har tittelen «Krossen i bløming». 1. Mos. 2.9, Op. 2.7

Symbolet er livets tre. Oppstandelsen og evig liv. Den minne oss om at Jesus elska oss og døde for oss på krossen. Krossen er tom fordi Jesus stod opp frå dei døde tredje dagen.

I det sirkelforma bildet over tronar «Den seirande Kristus», som med den eine handa lyser velsigninga og den andre strekker han ut mot verda.

Symbola på altartavla

- Eit lam med hovudet vendt bakover og med sigersfana. Det symboliserer Kristus som ofra seg, sigra og vann livet.
- Ei tolvtagga stjerne er eit bilde på Jesus sine tolv læresveinar, og med dei det nye Gudsfolket.
- Eit tre med åtte frukt som vitnar om gjennføding, og dei åtte saligprisingane
- Grøn vegetasjon der det blomstrar fem femblada roser. Dei symboliserar Jesus sine fem sår, og dei fem verdsdelane.
- Mellom bladverk og roser flyg det fem duer som kan symbolisere fred, og kan også være bilde på kristne sjeler som har gått heim til den evige kvile.

- Det er i alt sju forgylte englar som knelar. Ved foten av krossen fire, nede i hjørna to , og ein oppe i hjørnet. Dei er Gud sine bodberarar, og talet sju er eit heilag tal. Den Heilage treeinige Gud og dei fire verdshjørna. Seks av dei har vengjer, og ein er utan. Kan det være eit bilde på at Gud sine gode hjelparar er der for oss kvar dag i veka, mens vi den sjuande dagen skal koma til kyrkjehuset sjølve?

Handverket

Altertavla er laga av kunstnaren Dagfin Werenskiold (1892 - 1977)

Under biletet står det «*Ver tru inntil døden so vil eg gje deg livsens krana*». Teksten er henta frå Op. 2.10. Dette er utskore av Rasmus S. Kirkhorn.

Råma rundt er også skoren av Rasmus S. Kirkhorn og måla av Jon og Alhed Johnson.

Ein kopi av altartavla i Hornindal kyrkje er skoren ut av sokneprest Jon Johnson, medan han var prest i Hornindal i åra 1925 - 1933. Kopien heng i Sørkedalen kirke i Oslo.



Frå vigslinga av altertavla "Krossen i blomming" søndag 10. april 1932. F.v. Alhed og Jon Johnson - Dagfin og Elisabeth Mathilde (f. Schram) Werenskiold

Då altertavla vart innvigd 10. april 1932 hadde Steffen Hatlelid skrive denne songen og har truleg tone etter Naglet til et kors på jorden.


Du må tru til dauden vera rett mot Gud og mann du gjera då du livsens krana fær.
So dei sæle ordi lyder som vår Frelsar her oss byder.
-Gud vår Frelsar nådig ver!

For vår Frelsar leid du dauden Herre Jesus-morgonrauden lysa skal um krossen din.
Blomar blømer kring i verdi til å syna engleferdi!
- Gjev at heim til deg me finn!

Gjevat krossen din må minna Oss um veg til deg å finna ut frå strid og trengsla her.
Då som duva rein med fare, Som ein heilag engleskare.
- Då og krossen blomar ber!



Over: Altartavla med tekst nedst
Til høgre ser vi dei to delane som altartavla er satt saman av.



Kjelder ma

- Jon Ytreshorn sitt opplegg for Kyrkjevandring for barnehagen
- Øystein Frivold sitt utkast til Konfirmanthåndbok, 2001
- Jubileumshefte Hornindal kyrkje 125 år
- Nordfjordboka
- Foto: Kyrkja i Hornindal

Karnevalsgudsteneste Utvik kyrkje for første gang

tekst og foto: Mette Carlsen

12.februar vart det for første gang arrangert karnevalsgudsteneste i Utvik kyrkje. Det var godt frammøte av både utkleddde og ikkje-utkleddde. Vi fekk høyre fin song av Utvik barnekor.

Beate Nes leia oss gjennom ei kjekk gudsteneste der alle fekk vere aktive med å skrive bøner, henge opp emoji'er, blåse bobler og slå på piñataen.



Utvik barnekor song som vanleg flott



Kyrkjevert Mette Carlsen utkledd som 1980-talet og medliturg Leiv Tore Kårstad som bonde




Her er barna klar for prosesjon



Elvira Nesdal vil gjerne sjå kva som er inne i og slår laus på piñataen



Bamsemor utskremt frå hiet sitt, tenner lys i lysgloben



Her er både barn og vaksne konsentrert om aktivitetane

Utdeling av bilde til 3 åringane

- Tekst og foto Jorunn Tisthamar

Det er 25 år sidan første «kveldsbønbilde» vart delt ut i Utvik kyrkje. Også i år på Julaftangudstenesta låg det pakkar under juletreet i kyrkja, ein til kvar av 3-åringane i soknet. 3-åringane var spesielt inviterte til Gudstenesta, og hadde fått eigen invitasjon i posten.

Gåva frå Utvik sokneråd er eit fint «kveldsbønbilde». Stor takk til Bjørg Liv Lee som har teikna bildet! Dette er ein fin tradisjon vi ynskjer halde fram med også i åra som kjem.



Fullsett Utvik kyrkje, Julaftan 2022



Kveldsbønbilde teikna av Bjørg Liv Lee



Brudestolane Oppstryn kyrkje

Tekst og foto Kathrina Flo

Brudestolane, som er frå 1957, har hatt eit sårt tiltrengt behov for å verte pussa opp att. Sjølv treverket er veldig fint, men skinnet var bleikt og rifter tok til å gjere seg gjeldande.

Det vart teke kontakt med ei som driv med møbeltapetsering i Stryn og vi fekk eit overslag på jobben. Soknerådet vart så einige om at her startar vi ein «spleis» på facebook i tillegg til at vi sende søknad om gåve til 2 lag /organisasjonar i bygda. Dette resulterte i at vi fekk inn det vi trengde av økonomi, noko vi er svært takksame for.

Så tusen takk til dykk som gav.



Vi takkar hjarteleg for din innbetaling av bladpengar til
Kontonr 0538 18 51054

Du kan også betale med VIPPS
583131 (kjøp og betal)

Tusen takk for støtte!!

Tips!!

Registrer deg med grasrotmidlar til Kyrkjeklokka Bladlag på Norsk Tipping

Pilotprosjekt Nordsida kyrkje – Messy Church

tekst Hege Høibye - foto Dag Ulvedal og Ottar Ulvedal

På karnevalsgudstenesta i Nordsida kyrkje vart det heilag kaos i år. Kyrkjelyden er med i eit pilotprosjekt for å prøve ut «Messy Church» i Norge. Det er Søndagsskulen saman med NMSU som vil sjå korleis dette opplegget kan passast til for kyrkjelyder i Norge.

"Messy Church" starta i England som ein annan måte å være kyrkje saman på, der alle generasjonar samlast til fellesskap, måltid, bibelforteljing og aktivitetar. Det kan både gjerast som eigne samlingar utanom gudstenesta, men også i guds-

tenesta. Prosjektet har i Norge førebels fått namnet «*Sprell levande kyrkje*», men det har også blitt prøvd ut tidlegare under namnet *Kaoskirke* i Randaberg menighet.

Samlingane er bygd opp rundt eit tema, og første tema var: «*Handlar det om fisk?*». I gudstenesta fylgde vi vanleg liturgi fram til Gloria, men så vart det meir «Messy». Vi hadde ein fortellingsleik over teksten i *Mark 1,16-20* og så vart det aktivitetar. Det var forskjellige postar med ulike oppgåver og alle kunne velje kva dei ville gjere på. Ein

kunne gå frå ein aktivitet til ein annan, eller berre vera på ein heile tida.

Etter aktivitetane, samla vi oss igjen og fortsette gudstenesta. Etter gudstenesta vart det servert fiskeburgarar og vi slo håll på pinjataen.

Planen er to samlingar til, ei samling i mars som ein familjemiddag, samt på skjærtorsdag.

Dei vil ikkje bli heilt som karnevalet, men grunnleggjande for alle samlingane er at vi eter saman, høyrer forteljing frå bibelen, og har aktivitetar og samtaler om eit tema.



Vi teiknar fiskar



Kaffiprat



Menneskefiskar

Opning av HC-toalett Nordsida kyrkje

Tekst og foto Gunnhild Bergset

Ein draum har gått i oppfyljing! Eit nytt, romsleg og funksjonelt HC-toalett er no tilgjengeleg for dei som vil sleppe å gå eit einaste trappetrinn når dei er i Nordsida kyrkje. Tilbygget på vestsida av kyrkjebygget vart påbyrja i samband med utviding av gravplassen for få år sidan. Tilbygget glir inn i arkitekturen på ein måte som gjer at det ser ut som det alltid har vore der. Takk til Nordplan og HS-bygg for godt arbeid.

Under julekonserten i Nordsida 18.desember vart

HC-toalettet offisielt opna og snora vart klipt av Kirsten Lønne som har vore brukarkonsulent under byggeprosessen. Innramma av nydeleg song og julemusikk frå lokale aktørar før og etter den vesle opningssekvensen, fann vi å kunne erklære tilbygget klar til bruk.

Samtidig fekk vi også trekke dei flotte gevinstante av lokalt handverk som har venta på nye eigarar medan lotteriet har pågått. Totalt har Nordsida kyrkjelyd samla inn 100.000 kr

gjennom SPLEIS, jubileums-gåver, minnegåver og lotteri for å vere med å realisere dette sårt tiltrengde tilbygget. Tilbygget rommar også eit lagerrom oppe ved sida av HC-toalettet, og eit større lagerrom i underetasjen. Vi er svært takksame for at dette tilbygget vart prioritert av Stryn kyrkjelege fellesråd slik at kyrkja vår no framstår som endå meir universelt tilpassa. TAKK til alle som har vore med å bidrege!

Nordsida sokneråd

Brukarkonsulent under byggeprosessen Kirsten Lønne stod for snorklippinga når HC toalett og tilbygg vart erklært klar for bruk



Jorunn Beinnes Roset og Gunnhild Bergset trekker gevinstane



Sidan ikkje heile kyrkjelyden kunne samlast på HC-toalettet bringa vi eit visuelt symbol inn til kyrkjelyden under opninga av det nye flotte tilbygget med universelt tilpassa toalett i Nordsida kyrkje



Det nye HC toalettet i Nordsida kyrkje er plassert i same etasje som våpenhuset og kyrkjerommet

Tårnagentane Oppstryn

av Beate Nes

21. og 22. januar var det tårnagent i Oppstryn.

Tårnagentane fekk lære ulike teknikkar for å løyse mysterium, som å sjå på fotavtrykk og fingeravtrykk. Dei måtte også løyse fleire oppdrag. Dei måtte løyse ulike oppgåver for å få opna eit hemmeleg skrin. Dei forska på symbol og dei førebudde gudstenesta. Søndag fekk dei vere med å gjere kyrkja klar til gudstjeneste, - henge opp salmenummer, ringe med kyrkjeklokka, tenne alterlys osv- og dei deltok med ulike oppgåver i gudstenesta.



Skrømt ute og går



Fingeravtrykk detektiv



Fotspor detektivane



Lurt å bruke lupe




Kva spennande er dette



Liten gutt hjelper til å tenne stort lys



Her vert oppgåve på post 6, løyst



Fortell meg

*Fortell meg
at jeg er noe,
at jeg kan noe,
at jeg betyr noe.
Fortell meg det.*

*Ikke fortell meg
det jeg gjorde,
eller det jeg kunne gjort,
eller det jeg burde eller skulle gjort.
Nei, ikke fortell meg det.*

*Fortell meg heller
at jeg er noe,
at jeg kan noe,
at jeg betyr noe.
Fortell meg heller det.*

*Jeg trenger det,
skjønner du,
jeg trenger det så sårt.
Jeg trenger en søyle av trygghet
å lene meg mot gjennom livet.
Jeg trenger det,
skjønner du,
for det er så værhardt å leve!*

Ragnhild Bakke Waale

Konfirmantjubileum Olden

Tekst og foto Reidun Brynstad



Søndag 2. oktober feira vi jubileum for 50-, 60- og 70-årsjubilantane i Olden og Oldedalen.

Dei som møtte, kom til ei fint pynta kyrkje, då dette òg var haustakkegudsteneste med ut-

deling av bok til fireåringane. Borna kom med noko pynt, og i samarbeid med bondelaget, vart det eit rikhaldig utval av «markens grøde». Flott! Takk til dei! Beate Nes var prest denne dagen. Ho sytte for ei fin gudsteneste, der ho verkeleg fekk ungane med seg. Dette har ho eit fantastisk godt lag med!

Namna på konfirmantjubilantane vart opplesne. Dei reiste seg opp, so vi fekk sjå kven dei var. Etter gudstenesta var det oppstilling for fotografering, før ferda gjekk til Olden fjordhotell. Der stod vertskapet klart og tok i mot oss, og vi tok plass i den koselege matsalen.

Etter velkomsthelsinga, fekk

Erling Briksdal og Solrunn Åbrekk sleppe til, med vakker song og musikk.

Som vanleg, stod det sosa-kjøtt og sviskegraut på menyen. Maten smakte, og praten gjekk livleg rundt borda.

Jorunn Aa Myklebust las nokre dikt frå boka til Svein Førde. Dei framkalla mange gjenkjennande nikk og god lått.

Kaffi og god blautkake stod på menyen til slutt.

Reidar Melheim held takk-for-maten-tale, og var godt nøgd med arrangementet.

Nok ei kjekk feiring av tidlegare konfirantar var til endes. Takk til dykk som kom, og var med og gjorde dagen so triveleg.

P.S. På grunn av litt dårleg frammøte, og at det ligg mykje arbeid bak dette, har soknerådet vedteke å arrangere konfirmantjubileum annakvart år. Dei som er jubilarar i 2023, vil få innbyding i 2024. Dette til orientering.



Framme f.v.: Eli Nesje Nedrebø (50), Berit Sandnes (50), Inger Fagerlid Rake (60), Margit Beinnes Eide (60), Margit Vangberg (70), Aase Eide Kjøsnes (70)

I midten f.v.: Iren Vanberg Dvergsdal (50), Aage Eide (50), Birger Fagerlid (70), Andreas Skogli (60), Magne Strand (60)

Bak f.v.: Reidar Melheim (70), Egil Aabrekk (50), Daniel Muri (70), Alv Slettenes (60), Dag Inge Sunde (60), Vilhelm Sunde (50)

Festgudsteneste Oldekyrkja

tekst Reidun Brynstad - foto Kari Synnøve Muri

Søndag 30.oktober var ein stor dag i Olden kyrkje. Kaare Michael Christoffersen og Beate Nes skulle innsetjast i presteteneste i Olden, Innvik og Utvik sokn. Prost Mari Saltkjel skulle stå for dette.

Vi hadde førebudd oss godt, pynta etter alle kunstens reglar, og hadde nytrekt kaffi klar, når dei prominente gjestene møtte opp. Det var lett og ledig stemning i sakristia før gudstenesta. Det blir gjerne det, med trivelege folk.

Klokka nærma seg 11, det var godt med folk i kyrkjebenkane, når hovudpersonane gjekk ut i våpenhuset og stilte seg opp. Kyrkjeklokkene kima, Galya spela postludium og det var svært høgtidleg når prosesjonen kom opp kyrkjegolvet. Kaare og Beate fremst, med Mari prost og Elisabeth medliturg rett bak. Mari prost ønskte velkomne, og las tilsetjingbrevet frå biskopen. Beate og Kaare stod for gudstenesta og nattverden, med hjelp av Elisabeth Skarstein som medliturg.

Ved eit slikt høve, er det på sin plass med utdeling av blomster og velkomsthelsingar frå sokneråda. Leiv Tore Kårstad frå Utvik, Geir Ståle Vatnamo frå Innvik, og Reidun Brynstad frå Olden, var dei som fekk æra av å ønskje Kaare og Beate hjarteleg velkomne til å overta etter Harald Runde. Gode ord, lukkeønskjingar og vakre blomsterbukettar fekk dei, begge to. Mari prost fekk siste ordet og lyste velsigning over oss alle.

Då var det tid for kyrjekaffi. Konfirmentar kom med kake, og hjelpte til med serveringa. Mari

prost bidrog med glutenfri bakst, frå døtra si jebusfeiring. Praten gjekk livleg, og mange nytta høvet til å ønskje dei to nyttilsette lukke til! Ei fin stund i kyrkja denne dagen var til endes.

Alle tre kyrkjelydane er godt nøgde med å ha fått Kaare og Beate i teneste. Med stor mangel på prestar over heile landet, har vi vore heldige! Vi ser fram til eit godt samarbeid!



Bak t.v. prost Mari Saltkjel.
Beate Nes og Kaare Michael Christoffersen
allereie i arbeid som prestar i Indre Nordfjord



Blomster og velkomsthelsingar til Kaare Michael Christoffersen og Beate Nes, til høgre, frå sokneråda; Reidun Brynstad frå Olden, Leiv Tore Kårstad frå Utvik og Geir Ståle Vatnamo frå Innvik. Bak t.v. medliturg Elisabeth Skarstein og prost Mari Saltkjel



I Olden kyrkje innset prost Mari Saltkjel, Kaare Michael Christoffersen og Beate Nes i presteteneste i Olden, Innvik og Utvik sokn

Nizar si eventyrlege vassreise

Tekst og foto: Anette Torjusen

Synet som møtte Nizar Seleman Utanga for sju år sidan, gav liten grunn til håp, men sidan den gong har ho vore med på å endre 126 000 liv i Mbulu i Tanzania. Det heile byrja med ein brønn.

– *La meg løfte saman med deg, så du ikkje mistar bøtta*, seier Nizar Seleman Utanga og hjelper ein ung gut med å helle vatn over i ein dunk.

Området vi er i, heiter Mbulu og ligg i Tanzania, i den spektakulære Riftdalen. Omkransa av fjell, solsikker og endelausa maisåkrar. Så vakkert, men samtidig så røft og brutalt for dei som bur her. I ei årrekkje har dei kjempa mot tørke og vassmangel. Innbyggjarane i landsbyen Goje måtte gå mellom fem og seks timar kvar dag for å hente vatn. Dette er ein landsby Nizar har besøkt jamt og trutt dei siste åra som programmedarbeidar i Kirkens Nødhjelp.

– *Sist eg var her, var det høg arbeidsløyse, stor fortvilning blant bøndene, tomme skulebenkar og mykje sjukdom. Ingen hadde eit sosialt liv. Det var det ikkje tid og rom for*, seier ho. Verken menneske eller dyr hadde vatn.

– *Dei som bur her, gjekk i fem-seks timar for å hente vatn. Så langt var det til næraste kjelde. Og det vatnet dei fann, var langt frå trygt*, understrekar ho.

Ein av dei som henta vatn, var 15 år gamle Deodata Julius.

– *Eg gjekk for å hente vatn kvar morgon klokka fem og gjekk i to timar. Då eg kom heim, sprang eg til skulen for ikkje å kome for seint. Etter skulen sprang eg heim for å gå i to nye timar. Først klokka 19.30 på kvelden kunne eg se-*



Programmedarbeidar i Kirkens Nødhjelp
Nizar Seleman Utanga

tje meg ned og gjere lekser, fortel ho.

Deodata legg til at ho alltid var sliten og trøyt, og at ho grudde seg til å hente vatn på ettermiddagane. For ofte rakk ho ikkje heim før det blei mørkt.

– *Eg syntest det var ekstra skummelt å gå i mørkeret, minnest ho.*

I 2014 samla det norske folket inn 250 millionar kroner til reint vatn gjennom TV-aksjonen, noko som gav vatn til 1,7 millionar menneske. Ein av landsbyane som har fått brønn, er nettopp Goje. I Mbulu, der vi er no, har 126 000 menneske fått tilgang til reint vatn. Kirkens Nødhjelp har både bora etter vatn og reparert brønnar. Den djupaste brønnen er på 135 meter.

Ei fersk undersøking som er gjort i Mbulu og i Haydom, viser ein nedgang frå 89 til 35 prosent i sjukdommar som er rela-

terte til skitent vatn.

– *Eg er så stolt, så stolt over å få vere med på å endre så mange liv. Det er ein heilt annan atmosfære her no. Folk er lykkelege og har jobb, skulane er fulle av elevar, livskvaliteten har endra seg, og bøndene kan igjen dyrke grønnsaker*, seier Nizar.

Rundt vasspumpa i Goje er det full aktivitet. Skulen til Deodata er her for å hente vatn. Sjølv slepp ho å gå i timevis og kan konsentrere seg om å bli lege.

Nizar er spesielt glad for at barn og unge endeleg kan få tid til å vere nettopp unge.

– *Liva deira var så travle, men no får dei vekse opp og ha normale liv. Det fortener dei. Eg ser så mange smil. Dei kan leike, gå på skulen og halde seg friske. Eg blir så imponert over denne endringa*, smiler ho.

Sjølv om livet i Goje no er godt, er det framleis stor vassmangel i Tanzania, noko som òg gjeld større byar.

4 millionar menneske manglar tilgang til reint og trygt vatn. 29 millionar menneske har ikkje tilgang til gode sanitærforhold.



15 år gamle Deodata Julius t.v. og
Nizar Seleman Utanga

vipps
2426

KIRKENS NØDHJELP
actalliance

FASTEAKSJONEN 26.-28. MARS 2023

Eit håp kan byrje med ein drope vatn og gje ei framtid utan svolt, fattigdom, sjukdom og konflikt. Ver med i årets fasteaksjon og gjer ein forskjell for dei som treng det aller mest. Støtta frå deg reddar liv.

Vipps til 2426

www.fasteaksjonen.no



Vi les Bibel saman!

Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjelokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Det siste måltidet - Skjærtorsdag

ved kateket Beate Nes

Dei hadde vore i Jerusalem nokre dagar no. Då dei kom, hadde folket tatt imot Jesus som ein konge. Men det gjekk ikkje lenge før dei kjende på at ikkje alt var som det skulle. Ikkje alle likte det Jesus sa og gjorde. Dei høyrde stadig fleire snakke om korleis dei skulle stoppe Jesus.

Byen var full av folk frå heile landet. Alle som kunne, reiste til Jerusalem for å feire påske. No var tida komen då folket åt usyra brød. Det er då lammet blir slakta til påske. Dei gjer det til minne om den gongen Moses førte jødane ut av Egypt.

Jesus hadde sendt Peter og Johannes av stad. Han sa til dei: «Gå og gjer i stand til påske for oss. No skal vi eta i lag.» Dei hadde svara: «Kvar vil du vi skal gjera i stand?» Jesus sa: «Høyr godt etter. Gå inn i byen. Der møter de ein mann som ber ei krukke med vatn. Følg etter han. Gå inn der han går inn. Sei til eigaren av huset: 'Meisteren vil gjerne vita kvar han kan halda påske. Kvar skal han eta i lag med venene sine?' Då vil eigaren syna dykk eit stort rom i andre etasje. Der er det teppe og puter. Der skal de gjera i stand.


Du synes kanskje det er litt rart korleis Peter og Johannes kunne vite kven dei skulle snakke med. Men det var ikkje vanleg at menn bar vatn, så då dei såg han visste dei med ein gong at det var han dei skulle følgje. Alt vart

slik som Jesus hadde sagt. Og dei gjorde i stand til måltidet.

Dei er svoltne, og gler seg til å ete. Men Jesus har god tid. Han tek av seg kappa og tek eit linkelede og bind om seg. Så slår han vatn i eit fat og tek til å vaska føtene til læresveinane og tørka dei med handkledet som han har om

livet. Peter har skitne føter. Han trekk dei til seg og seier: «Jesus, eg trur ikkje du skal vaske føtene mine». Men Jesus seier: «Lat meg få vaske føtene dine. Dette er slik det må vere. De skal og vere gode med kvarandre, og vaske andre sine føter.»

Når Jesus har vaska føtene



set dei seg til bordet. Det lukter godt, som det alltid gjer når dei feirar påske. Alt er som det brukar vere, heilt til Jesus tek brødet, deler det opp i bitar og

seier: «*Ta imot og et. Dette er kroppen min!*» Etterpå tek han vinen, takkar, gjev dei og seier: «*ta imot og drikk! Dette er blodet mitt, som eg gjev dykk*».

Dette forstår de kanskje ikkje no, men seinare vil de forstå. Når de møtast skal de dele brød og vin til minne om meg, og det eg gjer for dykk.





Holmely - omsorg og retreat

Normisjon sin einaste retreatstad ligg som ei perle like i sjøkanten på Bryggja i Stad kommune, med vakker utsikt over fjord og holmar – nær skog og fjell.

Holmely ligg berre eit steinkast frå Fjordly ungdomssenter og har i snart 30 år tilbydd dagar med stillheit, diakonal undervisning, kvile og medvandring blant anna gjennom ulike retreatar, undervisnings-tema og samtalar. Dei siste åra har vi òg hatt eigne kveldssamlingar med både song, fellesskap, bøn og undervisning. Staden brukast òg til ulike selskap, booking og anna opphald etter avtale.

Kvar fredag (utanom skuleferiar) har vi open bønелunсj kl. 11.30 – 12.30, i samarbeid med Fjordly. Ta med matpakke og kom innom eller gi beskjed om du har bønе-behov.

Siste helga i april kjem Kurt Hjemdal tilbake. Denne gongen for å undervise frå Efesarbrevet, tema «Innta din himmelske arv». Kurt

var på Holmely i april i fjor og fylte opp plassen med fornøgde gjestar! Hilde Gjengedal blir med denne helga med song og musikk. Vi vil ha opne samlingar gjennom helga!

I pinsa vil vi ha ein 3 døgns retreat saman med Geir Otto Holmås, der han vil undervise rundt tema «Korset og krafta» - koplinga mellom påska sitt mysterium og pinsa.

I juni vil vi på nytt ha ein 3 døgns retreat, denne gongen med pilegrimsvandring på Selja og eit meir keltisk preg.

Retreat handlar om å trekkje seg tilbake, sette av tid til stille og til bøn. I ein travel kvardag med mange impulsar er det ikkje alltid like lett å finne ro og fred. Vi ønskjer å leggje til rette for det.

Elles vil våren by på både Songkveldar, Bibel og kaffi-samlingar og

samlingar med Mammahjarte!

Vi på Holmely ønskjer å formidle håp i ei skiftande tid. Ikkje eit håp i oss sjølv, men eit håp i Han som kallar seg sjølv for verdas lys. Vi har ingen lettvinте svar, men ønskjer å være ærlege på livet slik det faktisk er og gå den vegen som krevs! Om du ønskjer nokon å vandre saman med, ta kontakt!

Følg oss på facebook, sjå meir info på heimesida eller be om å få tilsendt program eller få sms ved ulike kveldsarrangement!

*Eva S Langseth
dagleg leiar
Holmely*

For meir info om Holmely
www.holmely.no



5. - 9. april: Påskemøte

v/Oddvar Søvik, Liv Kaland Fjellstad,
Torhild Haaland og Odd Jensen (song), Marta Fimreite (leiing).

Opne møte kvar dag kl. 11 (når det ikkje er gudsteneste i Innvik), og kvar kveld kl. 19.30.

Innvik Fjordhotell Misjonsheimen AS, 6793 Innvik
tlf. 57 87 49 90,

e-post: post@innvikfjordhotell.no
www.innvikfjordhotell.no



TOSHIBA
VARMEPUMPER

Treng du ny varmepumpe?
Eller service på den du har?
Ta kontakt, rask levering til rett pris

Salg - Montering - Reparasjon - Service

Alv Terje Glomnes - mob. 921 40704
www.senok.no



Fjordferd

BEGRAVELSESBYRÅ



Stryn - Stad - Volda
Stranda - Fjord

Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd



Sjå heimesida vår for prisar
www.fjordferd.no

Tlf. 458 50 300

- Vi er her for deg når du treng oss -

Gravminne

Namne-
tilføyinger

Oppfrisking



EIDE STEIN AS

www.eidestein.no

712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå



Hjelmeland

BEGRAVELSESBYRÅ

Til hjelp i sorga sidan 1978



Bjørn Solvik



Tone Lise Loen



Geir Ove Vinsrygg



Lone Vik



Odd Kåre Hjelmeland

Vi er her når de treng oss som mest,
og hjelper dykk med å lage ei personleg, fin og verdig gravferd.

Slik som de ønskjer.

905 50 905

www.hjelmeland.as

Noko å fundera på....



Jan-Magnus Bruheim



Einsam blom

Det stod ein blom åleine
på aude villarmo.
Eg ansa på kor sorgfull
og stur og still han sto.

Han veit at andre stader
står blomane i krans
og blømer for kvarandre
med glad og fager glans.

Å høyre til

Vondt er av alle andre
bli trakka på og trengd.
Men vondare å veta
at du er utestengd.

Det er så mangt i livet
du ventar deg og vil.
Men meir enn det å vera,
er det å høyre til.

Jan-Magnus Bruheim



Men han står still og drøymer
og er visst ikkje glad,
for blomehjarta ynskjer
seg til ein annan stad.

Skal tru om det finst blommar
som lengtar der dei står,
som ikkje trivst åleine,
men blømer fagrast når dei har
nokon å bløme for?

Jan-Magnus Bruheim

gle ein annan idag som treng det...ikkje vent til i morgon

Om Jan-Magnus

Jan-Magnus Bruheim vart fødd i Skjåk 15. februar 1914. Han budde i Skjåk det meste av livet sitt.

Han gav ut fleire diktsamlingar, og er også kjend for ei rekkje barnebøker, med dikt, rim og regler, og forteljingar på vers.

Bruheim var ein populær opplesar, i kringkastinga (Ønskediktet), i skular, lag og foreiningar mange stader i landet.

Samfunnsengasjert

Bruheim verka også som folkeskulelærer i ein periode.

Han var samfunnsengasjert, i ungdomen med sterke antisosialistiske og antinazistiske haldningar, etter krigen mellom anna i freds- og antiatomvåpenarbeid og i motstand mot skulesentraliseringa.

Men engasjementet gjer seg sjeldan

eller aldri gjeldande som agitasjon eller tendens i lyrikken hans.

Kjærleik og einsemd

Han arbeidde heime på garden og som lærar før han vart forfattar på heiltid. 27 år gammal debuterte han med diktsamlinga «Stengd dør», som handla om kjærleikslengt og einsemd.

I seinare bøker vart diktinga meir prega av eit sterkt samfunnsengasjement og kampen mellom godt og vondt.

Han var naturvernar, han var aktiv i fredsarbeid og arbeid mot atomvåpen.

Bruheim gav ut nærmare 40 bøker gjennom om lag like mange år, mest lyrikk og barnebøker, men også prosabøker.

Han fekk ei rekkje prisar og premier for barnebøkene sine, mellom anna frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Han vart og tildelt Doblougprisen,

Sunnmørsprisen og Kulturprisen for Gudbrandsdalen.

Lengta til kysten

Frå 1978 til 1985 budde Jan-Magnus i det nedlagte skulehuset i Botnane i Bremanger kommune. Han hadde lenge ynskt å bu ved kysten for å oppleve ein annan natur og eit anna folkeferd enn det han var van med.

«Bruheimen», som han vart kalla, fann seg raskt til rette og vart ein svært omtykt bygdamann.

Diktinga hans fekk ny næring, nye motiv og synsvinklar, og 11 av dei 45 bøkene hans er skrivne der.

«Sju gode år», sa han sjølv om åra i Botnane.

Bruheim hadde i mange år hytte på Billingen i Skjåk. Her kunne han la seg inspirere av naturen og finne fred og ro til å skrive.

Oddny under open himmel

~
Av
Oddny
Torheim
~



På veg til påskehøgtida

Ein japansk religionstudent hadde teke til å lese Bibelen. Då han kom til tekstane i det NT, utbraut han: *«Dette er noko heilt annaleis. Alle andre religionar er ein stige, men her bøyer Gud seg ned»*

Gud sende Sonen sin til jorda då Jesus vart fødd. Ein sa det slik: *«Jul – er då Gud kom ned himmelens trappetrinn med eit barn i sine armar.»*

Etter som tida går, ser eg klårare den store samanhengen mellom jul og påske. Gud viste oss ei ny berging for menneskeslekta ved at han gav Sonen sin, og Han var villig å gje oss sitt liv.

I Joh. 10.10b står det : *Eg er komen for at de skal ha liv og overflod, og i vers 18: Ingen tek livet mitt, eg gjev det frivillig. Eg har makt til å gje det, og eg har makt til å ta det tilbake. Denne oppgåva fekk eg av Far min.*

I Israel skulle påska feirast 14. dagen i den første månaden straks etter soleglad. Påska var ei gammal høgtid i Israel.

Kvart år for foreldra til Jesus til

Jerusalem for å halda påske. Då han var 12 år gammal, vart Jesus med. Vi kjenner forteljinga om leitinga etter han. *«Kvifor leita de etter meg? Visste de ikkje at eg må vera i huset åt Far min? Luk.2.49*

Då folk frå ulike delar av Israel skulle opp til tempelet i Jerusalem, song dei glade songar. I boka Salmane står der 15 salmar med overskrift: *Ein song til festferdene.* Salme 120 – 134 Mange av dei er korte. Dei song truleg medan dei gjekk. Det var fryd og glede over fellesskapet. Dei gledde seg over budskapen i songane. Dei gledde seg også til å nå fram. Mellom fjella der oppe låg Guds by, der Gud budde i sitt heilage tempel.

I Salme 121 lyder det så fint: *Eg lyfter auga mine til fjella: Kvar kjem mi hjelp ifrå?*

Mi hjelp kjem frå Herren, som har skapt himmel og jord. Eg trur no at mange var trøytte. Men dei vart trøysta. *Han vil ikkje la foten din vakla, din vaktar*

vil ikkje blunda.

Som han gjorde før, så gjer han enno. Ja, han vaker over oss dag og natt. Du er aldri åleine. Har du bruk for trøyst og hjelp, så ta dette ordet til deg.

Det leid mot siste påska Jesus levde. Øvsteprestane og farisearane leita etter han. Medan dei stod på tempelplassen sa dei til kvarandre: *Kva trur de? Kjem han ikkje til høgtida?*

Han var på veg. Han var komen til Betania. Der salva Maria han. Nokre dagar seinare reid han mot Jerusalem, og læresveinane lova han med høg røyst for alle mektige gjerningane dei hadde sett, og folket ropa og song: *Hosianna, Davids son. Velsigna vere han som kjem, i Herrens namn. Hosianna i det høgste.*

Følg han i tankane dine vidare i hendingane i den stille veka! No skal vi feire påske anno 2023. Vi er alle på veg til påskehøgtida. Må det bli ei velsigna påskehelg for kvar enkel av oss!





Slekt
skal følge
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene

Sokna Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Stryn - Loen - Oppstryn

Innvik

Døypte

06.11 *Isak Segarajasinghe Drageset*
For. Heidi Skåden Drageset
og Glenn-Robin
Segarajasinghe Istad

Døde

13.02 Arnulv Hammer f. 1952

Nordsida

Døypte

27.11 *Johanna Sætre*
For. Liv-Jorun Bergset og
Andreas Sætre

08.01 *Rubina Helena Podgorski*
For. Aranka Orsos og
Wladyslaw Podgorski

Nedstryn

Døypte

27.11 *Mathias Langeset*
For. Gunn Skrede og
Tor Jørgen Haagensli

11.12 *Sjur Dvergsdal Glosvik*
For. Marte Dvergsdal og
Kim Andre Glosvik

Vigde

14.02 Annelin Wangen og
Andreas Reinhardt Mork
14.02 Terese Blindheim og
Kim Cato Øvrelid Kolseth
14.02 Marte-Helen Bjørge og
Per Espen Sjøstad
14.02 Karita Drageset Heggdal og
Ole Runar Aabrekk

Døde

09.11 Jenny Nyhagen f. 1941
15.11 Kåre Fauske f. 1943
15.11 Annfrid Johanne Berstad
f. 1942
14.12 Jan Birger Bø f. 1940
16.12 Agnes Solvik f. 1928
01.01 Sigvard Kyrkjeeide f. 1940
02.01 Lars Rake f. 1933

Oppstryn

Døypte

10.12 *Oliver Kveen-Bakkebø*
For. Hege Kveen og
Andreas Oppheim Bakkebø

19.02 *Astrid Heieren Sølvberg*
For. Ingrid Heieren Sølvberg
og Elling Sølvberg

19.02 *Wilma Oline Norlie Lindvik*
For. Alice Margrethe Norlie
og Jarle Willy Lindvik

Døde

09.12 Ivar Berge f. 1920
07.01 Kristianne Marta Oline
Aasheim f.1922
24.01 Nella Flo f.1924

Utvik

Døde

31.12 Olav Rune Myklebust f. 1961

Hornindal

Døypte

30.10 *Jarle Dragesæt*
For. Magnhild Oline Taraldset
og Jørgen Dragesæt

30.10 *Karsten Hjelle Rennemo*
For. Elise Hjelle og
Christian Rennemo

08.01 *Tommy Muldsvor Seljeset*
For. Catrin Helen Muldsvor
og Øyvind Seljeset

29.01 *Matias Svarstad Seljeset*
For. Mona Seljeset og
Thomas Svarstad

Vigde

13.12 Oddveig Anita Strand og
Joar Inge Kroken

Døde

04.12 Ingrid Brendefur f. 1925
19.12 Joar Inge Kroken f. 1968
31.12 Marit Brita Seljeset f. 1938
29.01 Inge Løvlid f. 1940

Randabygd

Døypte

13.11 *Ida Åland Helle*
For. Katrin Åland og
Andreas Helle

Loen

Døypte

19.11 *Storm Rake Tenden*
For. Kamilla Katrin Rake og
Sondre Andre Hegna Tenden

20.11 *Håkon Sande Svarstad*
For. Malene Sande og
Jonny Svarstad

Vigde

19.11 Lise Longva og
Magnus Ekerholt Nesheim

Døde

10.12 Klemet Opheim f. 1930
11.01 Sivert Sande f. 1935
05.02 Ingeborg Signe Mork Loen
f. 1940

Olden

Døypte

20.11 *Ine Dalheim Beinnes*
For. Raghild Skaret Dalheim
og Pål Gunnar Beinnes

Døde

24.11 Anne Margrete Vanberg f.
1939
21.12 Agnes Sunde f. 1933
31.12 Jakob Gjengedal f. 1930
10.01 Malene Kvamme f. 1944
12.01 Karin Eide f. 1967





Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Sjå også heimesida: stryn.kyrkja.no og på facebook: Kyrkje i Indre Nordfjord
Heimeside: www.volda.kyrkja.no

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

02. april;

Palmesøndag - Joh 12,12-24

- Utvik 11:00 Gudsteneste.

Ved Beate Nes. Barnekoret vert med

- Ljosheim 20:00 Gudsteneste.

06. april;

Skjærtorsdag - Matt 26,17-30

- Innvik 11:00 Gudsteneste

- Bøasætra, Stryn 12:00

Friluftsgudsteneste

- Bruasætra, Hornindal 12:00

Friluftsgudsteneste

- Nordsida 19:00 Kveldsgudsteneste

- Oppstryn 20:00 Kveldsgudsteneste

07. april;

Langfredag - Matt 26,30 - 27,50

- Nedstryn 11:00 Pasjons gudsteneste

- Olden 19:30 Pasjonsgudsteneste

08. april;

Påskennatt - Mark 16,1-8

- Nedstryn 23:00

Påskennattgudsteneste

09. april;

Påskedag - Luk 24,1-9

- Nedstryn 11:00

Høgtidsgudsteneste

- Olden 11:00 Høgtidsgudsteneste

- Nordsida 11:00

Høgtidsgudsteneste

- Hornindal 11:00

Høgtidsgudsteneste

- Oppstryn 13:00

Høgtidsgudsteneste

- Randabygd 14:00

Høgtidsgudsteneste

10. april;

2. påskedag - Luk 24,13-35

- Innvik 11:00 Gudsteneste

- Loen 18:00

Kveldsgudsteneste/salmekveld

16. april;

2. s i påsketida - Joh 21,1-14

- Loen 11:00 Gudsteneste

23. april;

3. s i påsketida - Joh 10,11-18

- Stryn kulturhus 18:00

Samtalegudsteneste

30. april;

4. s i påsketida - Joh 16,16-22

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste

- Olden 11:00 Gudsteneste

- Hornindal 11:00

Gudsteneste for store og små

01. mai; måndag

Luk 6,31-36

- Sagedammen, Nordsida

Familiedag

06. mai; laurdag

- Nedstryn 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

- Olden 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

- Nordsida 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

- Nedstryn 13:00

Konfirmasjonsgudsteneste

07. mai;

5. s i påsketida - Joh 15,1-8

- Oppstryn 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

- Utvik 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

- Randabygd 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

13. mai; laurdag

- Loen 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

14. mai;

6. s i påsketida - Luk 18,1-8

- Nedstryn 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

17. mai;

Grunnlovsdag - Luk 1,50-53

- Nedstryn 09:30 Festgudsteneste

- Nordsida 10:30 Festgudsteneste

- Oppstryn 11:00 Festgudsteneste

- Olden gamle 11:00

Festgudsteneste

- Innvik 11:30 Festgudsteneste

- Randabygd 12:00 Festgudsteneste

- Hornindal 12:00 Festgudsteneste

- Loen 13:00 Festgudsteneste

- Utvik 13:00 Festgudsteneste

18. mai;

Kristi himmelfartsdag - Mark 16, 19-20

- Nedstryn 12:00 Gudsteneste

21. mai;

søndag før pinse - Joh 15,26-27

- Loen 11:00 Gudsteneste

28. mai;

Pinsedag - Joh 20,19-23

- Nedstryn 11:00

Høgtidsgudsteneste

- Hornindal 11:00

Høgtidsgudsteneste

- Oppstryn 13:00

Høgtidsgudsteneste

29. mai;

2. pinsedag - Joh 16,5-11

- Bergsetnaustet, Nordsida 12:00

Naustmesse

04. juni;

Treeingssøndag - Matt 28,16-20

- Nedstryn 11:00 Friluftsgudsteneste

11. juni;

2. s i treeiningstida - Matt 3,11-12

- Bjørke 11:00 Gudsteneste

18. juni;

3. s i treeiningstida - Luk 14, 15-24

- Holme/Oppheim, Loen 11:00

Friluftsgudsteneste

- Utvik 11:00 Gudsteneste

- Kvissetra, Austefjord 12:00

Friluftsgudsteneste

- Kvalen, Randabygd 13:00

Friluftsgudsteneste

- Nedstryn 19:00 Kveldsmesse

25. juni;

4. s i treeiningstida - Mark 10,17-27

- Nordsida 11:00 Gudsteneste

- Hornindal 11:00

Gudsteneste for store og små

- Erdalsætra, Oppstryn 12:00

Friluftsgudsteneste

Den nye biskopen gler seg til påskejubel

av Jens Z. Meyer



*Påtroppande biskop Ragnhild Jepsen framfor Bergen domkirke der ho blir vigsla til biskop i Bjørgvin 16. april.
Foto Jens Z. Meyer*

Ragnhild Jepsen blir vigsla som biskop i Bjørgvin 16. april. Og ho gler seg til å juble for påska. Ragnhild Jepsen blir vigsla som ny biskop i Bjørgvin første søndag etter påske, 16. april. Ho er framleis domprost i Nidaros domprosti, men me fekk ein liten samtale med biskopen som alt er utnemnd, men enno ikkje har kledd seg i bispekåpa.

Ragnhild Jepsen har vore til stades i fleire bispevigsler tidlegare. Ho trur ein slik dag kan vera god å ha i ryggen seinare. —

Det er mykje fest og fokus på ein person, og det er fint å ha med velsigninga, bønene og fellesskapet når kvardagen kjem med ulike krevjande situasjonar. Det er noko stort i det å bli sett og kjenne på kyrkja sitt tydelege ja til meg som biskop, eg ser verkeleg fram til den dagen.

Eg er også veldig glad i å feire gudsteneste, og det blir flott å syngja påskesalmar denne første søndagen etter påske, seier ho.

– Er påska relevant i vår tid?

– Når me jublar påskegleda ut på første påskedag, er det på vegner av alt Gud har skapt som også skal bli nyskapt. Det som hende i påska med Jesu død og oppstode er det endelege beviset på at Gud har frelst sin skapning og har tru på mennesket og alt Han har skapt, seier den komande biskopen.

– Kva ser du fram til ved å bli biskop?

– Eg ser fram til på bli kjent i bispedømet og med menneska her, med kyrkjelydane, både tilsette og frivillige medarbeidarar. Eg ønskjer også å vera ei tydeleg stemme i kyrkja og på vegner av kyrkja, seier den komande biskopen. Ho er ikkje klar til å lansera

noko særleg satsingsområde for sin eigen del. – Eg vil først av alt lytta meg inn til kyrkja og livet i Bjørgvin.

Den nye biskopen kjem frå Ål i Hallingdal. Ho har røter i Vestland, men har ikkje budd her før. – Eg gler meg til å flytte til Bjørgvin og ser fram til å bli kjent i byen og fylket. Det blir mykje nytt, ikkje minst det å etablere seg med eit nettverk, også på fritida, det er eit arbeid i seg sjølv, seier Ragnhild som med seg til bispebustaden på Landås har med seg ektemannen Einar Vegge. Han er pilegrimsprest i Nidaros, og har reist langs delar av kystpilegrimsleia i bispedømet vårt. Dette ser også Ragnhild fram til å få høve til. Dei har to vaksne born, Håkon og Ingjerd.

– Du syng i kor i Nidarosdomen, trur du at du får tid til å synga i

kor i Bergen?

– Det skal vel godt gjerast. Eg har sunge i kor sidan eg var tre år, og viss det byr seg eit høve, seier eg ja, kanskje til eit prosjektkor?

Ragnhild Jepsen har vore prest i 25 år, først som kapellan i Åmot i Østerdalen, sidan som kapellan og sokneprest og frå 2011 domprost i Nidaros domprosti.

– Dette har gjeve meg mange erfaringar og møte med menneske i sorg og glede som eg tek med meg. Eg har som prost også vore mykje med i rådsarbeid, bl.a. fellesrådet i Trondheim. Eg er oppteken av at både organisatoriske strukturar og alt det praktiske med bygningar og liknande gjev gode rammer for at kyrkje-lyden kan driva sitt kyrkjelydsbyggjande arbeid, seier den nye biskopen. Dei som har møtt henne, skjønar at ho er glad i å

vera saman med folk og ho fortel at ho, på same måte som andre i staben, ofte har vore vertskap for besøkande til Nidarosdomen, anten det er store eller små grupper.

– Kva har kyrkja å «tilby» til folk flest?

– Gode fellesskap der du kan koma uansett alder, funksjon eller prestasjon. Me skal også vera ein fortolkar av tida vår. Dersom me til dømes opplever barne-

fattigdom, korleis kan me då vera kyrkje på ein truverdig og evangelisk måte? Dette må skje lokalt, men det er viktig å ha støtte frå bispedømet.

Eg synest det er viktig at kyrkja, som ein del av lokalsamfunnet, spelar saman med lokale organisasjonar, skular og grupper. Eg vil også oppmuntra om å byggja kristne fellesskap der me samlast om det som er umisseleg for oss.



Den nye biskopen i Bjørgvin Ragnhild Jepsen gler seg til å bli vigsla som biskop i Bergen domkirke 16. april.
Foto Gyrid C Nygaard



”Min salme”

Redaktørane ”har gått seg i eit skårfeste”, og manglar nokon til å skrive om ”min salme”.

For å få restarta denne sida, som er eit flott innslag i kvart blad, treng vi innspel på personar som kan skrive litt om dette. Eller vi utfordrar deg til å skrive. Utfordre så ein til å skrive neste gang og avtal med denne, så lettar det arbeidet til redaktøren.



Vesle Jon gjorde det dårleg på skulen, særleg i matte. Foreldra valde å sende han på ein kristen privatskule, og snart var Jon klasa sin beste elev i matte.

Foreldra spurde kva som motivererte han til dei grader?

”Det første eg såg då eg kom inn i klasserommet, var ein type som hang på veggen, spikra fast til eit plusstegn..... og då skjønnte eg at desse folka tuller du ikkje med....!



Med tillatelse frå Bulls Pressetjeneste



Informasjon/ Full distribusjon

Returadresse: Rindane 6, 6788 Olden

Kven skal styre kyrkja her eg bur?

av Jens Zeuthen Meyer, Bjørgvin bispedøme

Den 11. september er det val til nytt sokneråd i ditt lokale sokn her i Indre Nordfjord. Vi har sokneråd i Hornindal, Innvik, Loen, Nedstryn, Nordsida, Olden, Oppstryn, Randabygd og Utvik.

På valdagen for kommune- og fylkestingvalet, kan medlemmar i Den norske kyrkja også velje kven som skal styre i sin lokale kyrkjelyd, i tillegg til å velje kven som skal inn i bispedømerådet og dermed også sitte på Kyrkjemøtet, som ofte blir kalla kyrkja sitt storting.

No i februar og mars arbeider nominasjonskomiteane med å sette opp lister over kandidatar til å sitte i sokneråda. Dette er eit tillitsverv, og Den norske kyrkja her i Indre Nordfjord har bruk for eit styre som består av menneske med ulik alder og erfaring. Dei som blir valde treng ikkje å ha vore av dei mest aktive i kyrkja. Mange har rik livserfaring og kunnskap frå yrkesliv og frivillig arbeid, dette er viktige tilskot til det teamet som skal utgjere soknerådet. Så svar frimodig ja til å bli med, om du blir spurt! Eller foreslå andre eller deg sjølv som frivillige i kyrkjelyden sitt mangfaldige arbeid.

Fristen for å ha klar ei liste er 31. mars kl. 12:00. Kven som helst av medlemmane i ditt lokale sokn kan i prinsippet foreslå ei liste til soknerådsvalet, så

lenge forslaget er skrive under av ti personar med røysterett. Nominasjonskomiteen si liste kan ein òg supplere med eit ekstra namn i perioden 2. – 15. mai. Fem medlemmar med røysterett kan saman foreslå ein supplerande kandidat som då vil kome med på lista til valet.

Soknerådet sine oppgåver

Soknerådet skal bidra til at kyrkja er ein plass alle kan kjenne seg heime. Det betyr mellom anna å legge til rette for at menneske kan møtast til kyrkjebyggande aktivitet som barne- og ungdomsarbeid, gode gudstener, dåps- og konfirmantundervisning, diakoni (kyrkja si omsorgsteneste), musikk og frivillig arbeid av ulik karakter. Soknerådet lagar planar som vert gjennomført av tilsette og frivillige i fellesskap.

Ei nasjonal undersøking blant sitjande soknerådsmedlemmar viser at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meningsfylt å vere med i soknerådet.

Digital førehandsrøysting

På sjølve valdagen 11. september vil du finne kyrkjevalet sitt vallokale i nærleiken av lokala til kommunevalet, og med same opningstider. Frå 10. august kan du røyste på førehand, og nytt i år er at du kan førehandsrøysting

ste digitalt ved kyrkjevalet. Alle medlemmar som fyller 15 i år eller er eldre, har røysterett.

Informasjon om kyrkjevalet finn du på nettsida www.kyrkjevalet.no



Kvifor seie ja til soknerådet?

Det er mange grunnar til å stille til val til soknerådet. Her er ti av dei. Som representant i soknerådet vil du få høve til å:

1. bruke dine talent
2. få nye relasjonar i nærmiljøet
3. jobbe saman med andre – for andre
4. vere med på å formidle kristen tru
5. dele og diskutere dine standpunkt med andre
6. sørge for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge
7. legge til rette for at kyrkja blir ein viktig kulturarena
8. bidra til at kyrkja er open for alle
9. gjere lokalmiljøet ditt betre
10. bli betre kjent med deg sjølv

Neste nummer får du i posten 28. - 29. juni. Redaktør vert Geir Ståle Vatnamo.

Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: skogli.vatnamo@gmail.com innan 26. mai.